



Aktieselskabet Tyssefaldene

Ullensvang kommune

Opheimsgata 31

5750 Odda

Deres referanse

Vår referanse

Sted/dato

JA

Tysseidal, 13.juni 2023

GAMLE KRAFTMASTER PÅ STREKNINGEN ODDA – TYSSDAL SØKNAD OM FJERNING

Det vart i si tid bygd ca 86 kraftmaster med tilhøyrande 12 kV kraftledningsnett på strekningen mellom Tysseidal og Odda Smelteverk.

Etter ein lengre prosess i 2003-05 vart det gitt rivingsløyve for 70 av desse – ref bl a brev frå Odda kommune datert 26.10.2005:

« Med heimel i § 93 i plan- og bygningslova gjev Utviklingskomiteen rivingsløyve slik omsøkt med unntak av følgjande master:

- 2 master på Smelteverkstomta ved Opo (to av dei beste som blir rivd plasserast i traseen der det står tremast i dag)
- 2 master på Ragde ved Opo
- 2 master på Tysseidalsvegen/Bispen
- 4 master på Tveitahaugen/Tysseidal hotell
- 6 master ved Tysseidal skule
- 16 master totalt.

Desse 16 mastene må vurderast heilt konkret av søkjar i samråd med Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren når det gjeld kostnader for istandsetjing og ansvar for framtidig drift. Hordaland Fylkeskommune og Riksantikvaren må straks på banen for å finne fram til ei finansiering dersom desse mastene skal bevarast. Frist for ei slik vurdering blir sett til 01.04.06. Dersom partene ikkje har funne fram til ei løysing innan denne fristen vil ein på nytt vurdere rivingsløyve «

Det har vore vanskeleg å finne ut kva som seinare har skjedd vedrørande møteverksemd og avklaringar her på grunn av mangelfull dokumentasjon, men vi kan konstatere at i tillegg til dei 70 mastene er ytterlegare 8 borte, slik at det nå står igjen 8 (2 master på Tysseidalsvegen/ Bispen, 4 master ved Tveitahaugen/ Tysseidal hotell og 2 master ved Tysseidal skule).

AKTIESELSKABET TYSSFALDENE

Organisasjonsnr.:
NO 916 958 900 MVA
5770 TYSSDAL

Saksbehandler: Jan Alne

Telefon: 95075592

E-post: ja@tyssefaldene.no

Aktieselskabet Tyssefaldene

Desse er nå i så dårleg stand at Tyssefaldene tok eit initiativ i 2021 for å få gjort ein tilstandsvurdering i regi av Norconsult – jfr rapport av 3.8.2022. I rapportens samandrag står det mellom anna:

« Om ikke tiltak treffes vil mastene på sikt være til fare for omgivelsene ved at deler faller ned eller at hele mastekonstruksjonen velter/kollapser. Faren for slike hendelser vurderes ikke stor i øyeblikket, men korrosjonen er betydelig og gir økende svekkelse av konstruksjonen.

Det anbefales derfor følgende:

- Om restaurering er ønskelig bør dette utføres så snart som mulig, senest innen 5 år
- Eventuell fjerning bør gjøres innen 5 år

En variant er at en av mastene restaureres og tas vare på som et kulturhistorisk minne og at øvrige master fjernes»

På bakgrunn av rapporten og befaring med Odda Mekaniske Verksted AS fekk vi ein uforpliktande budsjettpris på restaureringsarbeidet 13.6.2022.

Denne viser ein kostnad for total rehabilitering på 8,4 Mkr (basert på eigne erfaringar, med strenge krav til mellom anna HMS, er det grunn til å tru at denne vert endå høgare)

Vi har og vore i kontakt med NVE, som melder tilbake i ein epost av 1.9.2022. Dei skriv m.a :
« Kraftmastene er konsesjonsfrie og ikke i drift. NVE har derfor ikke anledning til å stille vilkår etter energiloven ved et eventuelt tiltak. Riving av mastene vil derfor heller ikke utløse konsesjonsplikt for tiltaket.

Vi vil sterkt oppfordre AS Tyssefaldene til å bevare mastene som de nasjonale kulturminnene de er, og som en viktig del av en større sammenheng med både kulturmiljø og landskap. Eventuelt ber vi dere vurdere et kompromiss der et utvalg av mastene bevares fysisk, noe som også er presentert som et alternativ i tilstandsvurderingen. De mastene som eventuelt fjernes bør først dokumenteres kulturminnefaglig»

Befaring og samtale med representant for fylkeskonservatoren indikerer og samme standpunkt som NVE her tilkjennegir.

I utgangspunktet ser AS Tyssefaldene det slik at omfanget for restaurering og framtidig vedlikehald blir så omfattande kostnadmessig , at vi helst kunne tenkt oss å fjerne alle dei 8 mastene.

Men vi registrerer ulike syn på dette, og basert på ei totalvurdering kan AS Tyssefaldene gå med på eit kompromiss der 2 av mastene blir tatt vare på, dersom kommunen, eller annan offentlig instans, tar på seg det framtidige vedlikehaldet av desse.

Vårt forslag til master for restaurering vil vere dei 2 som står ved Bispen/ Tyssedalsvegen.

Med dette søker vi om fjerning av dei resterande mastene på strekningen Odda- Tyssedal, med unntak av dei 2 ved Bispen/Tyssedalsvegen.

Med vennlig hilsen

Aktieselskabet Tyssefaldene



Jan Alne

Dagleg leiar